



Hardanger



Hardanger
Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Møtebok: HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE

Dato: Torsdag 05.12.2019

Stad: Bygdahuset i Granvin

Tid: 09.00 - 14.00

Til stades:

Ulvik herad: Ungdomsrådsleiar Bjørk Thorbjørnsen

Eidfjord kommune: Ungdomsrådsleiar Emilie Viveit

Kvam herad: Ungdomsrådsmedlem Eusebiu Amanalachioai

Kvam herad: Ungdomsrådsmedlem Sander Eide Aase

Voss kommune: Ungdomsrådsleiar Marcelius C. Prestegård

Ikkje tilstades

Ullensvang kommune: Ungdomsrådsleiar

Andre:

Kvam herad: Kari W. Vik

Ulvik herd: Ingvild Winters

Voss herad: Eivind Djønne

Ullensvang kommune: Andrea Djønne

Ulvik herad: Rådsordførar Hans Petter Thorbjørnsen

Hardangerrådet: Dagleg leiar Jostein Eitrheim og Trude Lægreid Rinaldo

Agenda:

09.00 - 09.20: Inspirasjon: Dagleg leiar Hardangerrådet Jostein Eitrheim

09.20 - 11.00: Sakshandsaming HU

11.00 - 11.30: Lunsj

11.30 - 13.00: Sakshandsaming HU

Inspirasjon: Nye kommunar og nytt fylke frå 1.1.2020. Korleis skal me samarbeida i framtida?

Dette var spørsmål og refleksjonar dagleg leiar og rådsordførar prata litt om.

Spørsmål: Har Ungdomsrådet noko meining om samarbeid i framtida mellom kommunane i vår region?

Svar: Hardanger Ungdomsråd har snakka mykje om korleis me skal ha det i framtida. Det var fint å høyra kva Hardangerrådet tenker. Det tek me med oss.

HU-sak 32/19 Konstituering

Konstituering vert utsett til neste møte, 9.januar 2020 i Granvin.

HU-sak 33/19 Saker melde inn ved møtestart

Ingen saker

HU-sak 34/19

Tilbakemelding frå dei som var på Hardangerkonferansen 2019

Hardanger Ungdomsråd fekk mykje skryt i etterkant for eit veldig godt innlegg. Dei fekk også skryt frå dagleg leiar i dette møtet.

HU-sak 35/19

Møteplan 2020

Diskusjon om Granvin skal vera fast møteplass, som eit midtpunkt i regionen, og la Hardanger Ungdomsting rullera som no.

Ikkje konklusjon, berre avtala at neste møte er i Granvin.

Også diskusjon om tidspunkt for møtene.

Hardanger Ungdomsråd 2020	Torsdag 09. januar kl 1330 Granvin	Torsdag 06. februar	Mandag 09. mars Kvam Hardanger Ungdomsting	Torsdag 16. april		J U L I A U G	Fredag 03. september ??? Aktivitets- DAG	O K T O B E R	Torsdag 05. november	Torsdag 03. desember
--	---	------------------------------------	---	----------------------------------	--	---------------------------------	---	---------------------------------	-------------------------------------	-------------------------------------

Vedtak

Hardanger Ungdomsråd godkjenner møteplanen for 2020 med dei endringar gjort i møtet.

Hardanger Ungdomsråd har bestemt at møtestad skal vera i Granvin, utanom Hardanger Ungdomsting som skal rullera som no. Møtene for Hardanger Ungdomsråd skal starta kl 13.30. Då treng ein berre fri frå skulen etter lunsj.

HU-sak 36/19

Ungdomsråd er lovpålagt i alle kommunar i ny kommunelov. Korleis fungerar det i praksis i Hardanger ?

Vedlegg til møteboka: Presentasjon frå Kari W. Vik, Kvam herad

Alle ungdomsråd treng ein koordinator frå kommunen. Det er ei svært viktig oppgåve og noko alle kommunar må prioritera. Det krever stillingsressurs.

I Kvam har dei løyst dette ved at politisk sekretær er ansvarleg for ungdomsrådet, som i realiteten er ein koordinator, og heradsstyret har oppnemnt 2 utvalsmedlemmer som har møteplikt i alle ungdomsråd, på lik linje med andre utval.

Svært viktig å få eit bindeledd til dei som arbeider med sakskart for møter i kommunestyret.

Koordinator må vera på offensiv for at ungdomsrådet blir teke med

Alle er no i ein overgang. Lovpålagt ungdomsråd betyr endring i korleis ein gjennomfører oppgåver og val.

Hardanger Ungdomsråd syns det var viktig og masse og ny informasjon om rettar og plikter ein kommune no har til ungdomsråd. Dette tek dei med seg.

HU-sak 37/19

Nye vedtekter for Hardanger Ungdomsråd i framtida? Med nye kommunar må dei endrast.

Vedtak:

Forslag til nye vedtekter oppdatert i møtet. Endringar i raudt

Vedtekten vert sendt til Hardangerrådet for godkjenning.

Vedtekter for Hardanger og Voss Ungdomsråd



Godkjende i Hardangerrådet 12.02.2010, oppdatert 07.02.2019
Forslag til endring frå 2020

§ 1 Mandat, føremål og oppgåver

1.1 Hardanger og Voss Ungdomsråd er eit demokratisk vald organ med oppgåve å ivareta interessene til ungdommane i Hardanger og Voss

1.2 Føremål

- Å ta opp til drøfting born og unge sine interesser i Hardanger og Voss
- Vera eit forum for utveksling av erfaring i dei kommunale ungdomsråda.
- Å vera orientert om dei viktigaste sakene i Hardanger og Voss, gjennom å få tilsendt saksdokument.
- Å vera eit overordna organ for alle ungdomsråda i Hardanger og Voss i saker som vedkjem dei unge.
- Setje søkelys på å skapa identitet til Hardanger og Voss, og på ungdomsfråflyttinga.
- Stimulera til samfunnsengasjement, medbestemming og deltaking blant ungdom.
- Tilretteleggja arenaer der ungdom generelt i Hardanger og Voss får uttale seg om saker.

1.3 Hardanger og Voss Ungdomsråd sine oppgåver er m.a.:

- Å vera ein møteplass og samarbeidsarena for ungdomsråda i Hardanger og Voss.
- Å fordele midlar til tiltak av interesse for ungdom.
- Å styrka det samfunnsmessige engasjementet blant born og unge i Hardanger og Voss.
- Å skapa møteplassar for ungdom i Hardanger og Voss.
- Å etablira ordningar kring arrangement og aktivitetar som vedkjem born og unge.

§ 2 Funksjonstid og samansetjing

2.1 Val

- Hardanger og Voss Ungdomsråd har medlemmer frå alle ungdomsråda i Hardanger og Voss, i aldersgruppa 13 - 19 år.
- Kvart ungdomsråd skal stilla med leiar og nestleiar som representantar, og varamedlem møter etter særskild innkalling

2.2 Konstituering

- Hardanger og Voss Ungdomsråd konstituerer seg sjølv, dvs at leiar og nestleiar vert valde av dei unge.
- Sekretærfunksjonen vert lagt til Hardangerrådet sitt sekretariat

§ 3 Koordinator for Hardanger og Voss Ungdomsråd

Hardangerrådet oppnemner ein koordinator til Hardanger og Voss Ungdomsråd. I tillegg til kontaktpersonen er det ynskjeleg at rådsordførar i Hardangerrådet deltek på Hardanger og Voss Ungdomsråd sine møter.

3.1 Hardanger og Voss Ungdomsråd ynskjer at koordinatoren sine oppgåver er:

- Hjelpe ungdomsrådet med å etablira nødvendig kontaktnett med kommunane.
- Syrgja for at saksdokument i aktuelle saker vert sendt til medlemmene og varamedlemmene i Hardanger og Voss Ungdomsråd minst ei veke før ungdomsrådsmøta.
- Skriva utkast til årsmelding
- Ha ansvar for kontinuiteten i ungdomsrådet.
- Ha ansvar for opplæring.

§ 4 Møteverksemd

4.1 Møte

- Hardanger og Voss Ungdomsråd skal ha minst 4 møte pr år. Ellers kan rådet ha møter etter behov. Møta skal gå på omgang mellom kommunane/herada.
- Møta i Hardanger og Voss Ungdomsråd er opne møter og medlemmer i dei kommunale ungdomsråda vert oppmoda om å møta som observatør om det passar.

4.2 Referat

- Det skal førast referat over Hardanger og Voss Ungdomsråd sine møter.

4.3 Sakskunnskap

- Hardanger og Voss Ungdomsråd kan invitera politikarar, administrasjon eller andre til rådsmøta for å få orientering, stilla spørsmål eller diskutera ei sak.

4.4 Møteplan

- Hardanger og Voss Ungdomsråd skal setta opp sin eigen møteplan for kvart kalenderår. Den skal sendast til Hardanger og Voss Ungdomsråd sine medlemmer og alle kommunane i Hardanger og Voss.

§ 5 Dagsorden

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av referat
4. Behandling av saklista
5. Ymse

Årsmelding skal liggja føre og godkjennast på siste møte i skuleåret. Arbeidsplan med saker til oppføljing for neste år, skal leggjast ved protokollen.

§ 6 Val

6.1 Val

- Val av leiar og nestleiar følgjer skuleåret med val seinast 1.november.

§ 7 Evaluering av vedtekten

Vedtekten skal takast opp til vurdering av Hardanger og Voss Ungdomsråd minst annankvart år, med fyrste vurdering mot slutten av første periode, og godkjennast av Hardangerrådet.

HU-sak 38/19

Ingen saker

Gjennomgang saker melde ved møtestart

HU-sak 39/19

**Informasjon om arbeid frå den einskilde
kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Eidfjord:

- Arbeider med å får talerett i heradsstyret
- Vil laga dialogmøte med politikarar - arrangerar pizzakveld
- Skal ha juleavslutning i ungdomsklubben

Kvam:

- Budsjettmøte - kva ungdomsrådet vil at kommunen skal bruka pengar på.
- Har bestemt at ½ møtegodtgjersla skal gå til ei felleskasse i ungdomsrådet.
- Er fornøgde med bussprisane, men ikkje busstidene. Vil ha betre busstilbod. Skal det vera kjekt å bu her, så må ein koma seg rundt. Vil arbeida for at Kvam knyter seg til "Trygt

heim for 50-lapp"

- Prøveprosjekt der buss hentar deg der du er, for busspris.

Oppmodar Hardanger Ungdomsråd å ta opp dette !

- Lærlingetilbod i Kvam. Det har ikkje vore det beste, slik at no er skuletilbod fjerna. Dvs ungdommane må reisa ut av bygda for å ta utdanning.
- Strandebarm skule har arbeidslivsfag til valfag, veldig bra.
- Helse: Kvam ungdomsråd har laga si eiga spørjeundersøkjing. Den sa at 53 % slit med skulepress, og 38% kjenner på kroppspress. Dette er tal som burde vore lågare, det vil ungdomsrådet arbeida med for å forbetra
- Bupp er på Voss og i Bergen, det er for lang reiseveg for mange. Det bør minimum vera ein dag dei kjem til Kvam. **Ber Hardanger Ungdomsråd om å laga ei sak til Hardangerrådet om dette.**
- Nulltoleranse for mobbing. Korleis skal me handtera det utanfor skuletida.
- Arbeider for at alle skal få tilbud om nettbbrett/pc frå 1.-10 klasse, og dette skal vera uavhengig av eigen økonomisk status.
- Vil ha skulefrukost på alle skulane i Kvam
- Vil arbeida for fleire møteplassar for ungdom
- Treng også fleire stikkontaktar rundt i bygda.
- Arbeider med trafikksikkerhet - gang og sykkelvei, busskur og opplyst.
- Veldig glad for at ein fortsatt kan ta lappen i Kvam, men f.eks traktorlappen må ein til Voss- og der er det 1 års ventetid. Ønskjer at tilbodet også kjem til Kvam.

Ulvik:

- Skal på budsjettmøte i dag.
- Offisiell opning av ungdomsklubben
- Utbygging ved sjøen med stupetårn. Har engasjert arkitektur.
- Ønskjer stikkontaktar i bygda og på bussen